

Selbjørn skule

Informasjon til heimane i samband med gjenopning for 1.-4. trinn

Mandag 27. april ønskjer vi elevane velkommen tilbake til skulen etter ein periode med heimeskule. Det skal bli kjekt å møta elevane igjen og få starta opp med læringsaktivitetar i kjente omgivnader.

Noko blir nytt i denne opningsfasen, og dette skrivet til heimane skal førebu elevane og føresette på kva rutinar som blir innført.

Oppstart er mandag 27. april kl 8.30. Skuleveka har same start- og slutt-tidspunkt, bortsett frå for 3. og 4. trinn som sluttar kl 13.00 onsdagar og torsdagar.

Skulebussen går som vanleg, men skulen forstår at fleire føresette vil kjøra eleven sin sjølv. Dei som gjer det, må planleggja for å levera før skulebussen kjem, kl 8.20. Slik hindrar vi at farlege situasjonar kan oppstå. Elevane blir møtt nede på grusbanen av ein vaksen som dei kjenner, og blir følgt inn i skulebygget. Vi ber om at ingen kjører opp til hallen for å setja av elevar. Føresette bør ikkje bli med inn i skulen/garderoben om ikkje det er nødvendig.

For å sikra ein god start, har skulen med utgangspunkt i ein smittevernrettleiar frå Utdanningsdirektoratet utarbeidd følgjande smitteverntiltak:

- ▶ Skulekjøkken, kantine og gymsal – stengt. Elevane må ha med seg nistemat/drikkeflaske heimefrå. Ev dusjing etter utegym må takast heime
- ▶ Skifteklede må liggja i eleven sin sekk
- ▶ Garderobane er rydda, men regnklede kan hengja
- ▶ Friminutt på ulike tidspunkt/område - uteleikar skal ikkje brukast (spade, bøtte, hoppetau mm)
- ▶ Rutinar for handvask: Ved oppstart av kvar økt, etter toalettbesøk, før og etter måltid, når elevar har pussa nasa eller hatt fingrane i munnen, ved skitne hender
- ▶ Opplæring i hostehygiene
- ▶ Faste elevgrupper med færre elevar (*Kohortar* – kan vera inntil 15 elevar pr 1 vaksen).
- ▶ Få, faste vaksne i kontakt med elevgruppene
- ▶ God plass i klasserommet – 1 meter mellom elevane. Kvar elev har sin pult og stol.
- ▶ Elevane vaskar pulten sin ein gong for dagen
- ▶ Elevane går i garderoben i små grupper
- ▶ Vaksne hentar utstyr som trengs
- ▶ Klassane har kvar sine toalett som dei brukar
- ▶ Ha eigne skrivereiskap, viskelær, konkretiseringsmidler og Pcar til kvar elev. Ein delar ikkje
- ▶ Private leikar må vera heime

- ▶ Uteskule i dei faste gruppene. Ein skal vera mykje ute
- ▶ Lærarane samlar ikkje inn bøker
- ▶ Leksefri skule, bortsett frå leselekse. PC skal vera på skulen kvar dag
- ▶ Elevane blir møtt av ein vaksen ute om morgonen.

I tillegg til skulen sine interne tiltak, styrkar Austevoll kommune reinhaldet. Areal ved skulen som dagleg er i bruk, skal overflatevaskast fleire gonger om dagen. Reinholdspersonell utfører dette.

Skuleskyss kjem til å gå som vanleg, og det er innført tiltak både når det gjeld avstand mellom elevane og reinhald på bussen. Det same gjeld for drosjekjøring.

SFO har vanleg opningstid.

Kontaktlærer kjem til å senda ut informasjon/melding i Visma flyt skole om samansetjing av grupper på trinnet og organisering av skuledagen.

Har de spørsmål til gjenopninga, tek de kontakt med rektor.